



Intensjonsavtale for etablering av  
ein ny kommune med  
utgangspunkt i Jondal og Kvam

---

# INTENSJONSAVTALE FOR NY KOMMUNE I HARDANGER

---

Jondal kommune og Kvam herad har som intensjon å oppretta ein ny kommune frå 1. januar 2020 på dei vilkår og med det innhald som er forklart i denne avtalen.

Namnet på den nye kommunen skal vera XXX herad og kommunesenteret skal vera Norheimsund. Kommunevåpenet skal ta utgangspunkt i Jondal kommune sitt kommunevåpen. Kommunen skal ha nynorsk som målform.

Intensjonsavtalen byggjer på føresetnaden om at ein ny kommune vil ha moglegheiter for å løysa utfordringane i framtida betre enn dei to eksisterande kommunane vil klara kvar for seg.

## 1. MÅL FOR DEN NYE KOMMUNEN

---

Jondal kommune og Kvam herad ynskjer i saman å skapa ein livskraftig og einheitleg kommune i Hardanger.

Kommunen skal vareta dei fire rollane: Tenesteytar, lovforvaltar, samfunnsutviklar og demokratisk aktør.

Kommunen sine hovudmål:

- Gje barn og unge og eit oppvekstmiljø som skapar tilhøyrslø, tryggleik og skaparglede
- Arbeida for at dei som bur i kommunen skal ha høg livskvalitet
- Leggja til rette for eit variert bustadtilbod tilgjengeleg for alle grupper som ynskjer å bu i kommunen, samt at folk vert buande lengst mogleg i eigen heim
- Sentra i kommunen skal byggja på ei berekraftig utvikling, styrkjast med større mangfald av private og offentlege tenestetilbod, ei god blanding mellom bustad, forretning og kontor, god tilrettelegging for alle og med varierte møteplassar som innbyr til trivsel, samarbeid, opplevingar og fysisk aktivitet
- Skapa vekst og opplevingar gjennom samhandling mellom menneske, lag og organisasjonar, bedrifter, bransjar, bygder, kommune og regionar
- Kommunen skal byggja på ein kultur som dyrkar fram kunnskap, entreprenørskap, møteplassar, det frivillige arbeidet, kulturtilboda og lokaldemokratiet
- Ein trygg og effektiv infrastruktur for aust-vest trafikk – for å utvida kommunen sin bu- og arbeidsregion, og internt i kommunen for å sikra ei betre samhandling

Dagens gode tenesteproduksjon, stolte innbyggjarar i livskraftige lokalsamfunn, og storleiken til den nye kommunen, er alle solide og nødvendige fundament som den nye kommunen skal byggjast på. Dette gjev tryggleik for og tru på å kunne møte utfordringar og moglegheiter i framtida.

Kommunen skal levera gode tenester til innbyggjarar og næringsliv, og vera ein stad folk ønskjer å bu. Kommunen skal ha ei sunn økonomisk drift med eit netto driftsresultat i samsvar med nasjonale tilrådingar. Moglegheitene for endå meir effektiv drift skal utgreiast og realiserast. Det skal framleis vera kompetansearbeidsplassar i dagens to rådhus og det skal leggjast til rette for kompetanseheving for tilsette i omstillingfsasa.

Det skal leggjast til rette for ei vidareutvikling av kommunen sine viktigaste sentra med tanke på etablering av attraktive bu- og oppvekstmiljø. Det skal satsast aktivt på vidareutvikling av infrastruktur i heile kommunen; vegar, hamner, kollektivtilbod og digital kommunikasjon. Ei medviten satsing på digital og fysisk infrastruktur, skal føra til at heile kommunen er eit attraktivt område for bustadbygging og etablering av bedrifter.

Den nye kommunen skal satsa på næringsutvikling og saksbehandling av nærings saker skal ha høg prioritet og gjera ein forskjell for å få til nyetableringar og vidareutvikling av kommunen sitt næringsliv. Næringsavdelinga i den nye kommunen skal vera ein aktiv seljar av moglegheiter der tomter, lokale, og annan infrastruktur skal vera tilgjengeleg for ny næringsverksemd i heile kommunen.

Det skal arbeidast med demokratiutvikling, brukarmedverknad, og innbyggjarinvolvering. Stemma til barn og unge skal høyrast.

## 2. KVIFOR EIN NY KOMMUNE?

---

Jondal kommune og Kvam herad har lange tradisjonar for samarbeid, også i kommunale tenester. Når fleire av desse tenestene vert organisert i ein organisasjon, unngår ein utfordringar knytt til interkommunalt samarbeid. Tenesteutviklinga vert meir heilskapleg når den kjem inn under ei styringslinja. Vidare vil samanslåinga føra til større og sterkare fagmiljø, meir stabil rekruttering av relevant fagpersonell med god kompetanse og gjera tenesteytinga til innbyggjarane mindre sårbar. Slik vil ein større kommune gjera administrasjon og tenesteproduksjon meir effektiv, der vinsten kan nyttast til å gje betre tenester til innbyggjarane.

Den nye kommunen skal aktivt arbeida for å nå nasjonale og internasjonale målsetjingar innanfor klima og miljø. Kommunen skal ha høge ambisjonar i forhold til miljømål for eiga verksemd, og kommunen sitt kompetansemiljø på dette området skal også kunne rettleia innbyggjarar og næringsliv.

Ein ny og større kommune vil betre kunne leggja til rette for god og offensiv nærings- og samfunnsutvikling. Ved mellom anna i endå større grad å byggja fjordsidene saman, vil den nye kommunen kunna dra nytte av moglegheitene for vekst i dei blå (marine) næringane.

## 3. PRINSIPP VED SAMANSLÅING

---

Samanslåingsprosessen skal vera prega av likeverd, rausheit og forståing for kvarandre sin ståstad.

Den nye kommunen skal utviklast og driftast med utgangspunkt i dei tidlegare kommunane sine fortrinn og sterke sider, men og ut frå dei utfordringar dei har. Den nye kommunen skal organiserast slik at han kan møte framtida sine utfordringar og krav til tenesteutøving til innbyggjarane.

Tilsette i kommunane skal ikkje bli sagt opp som følge av prosessen. Eventuelle overtalige skal få tilbod om nye oppgåver i den nye kommunen. Den administrative omorganiseringa skal skje i nært samarbeid med dei tilsette og tillitsvalde. Den nye kommunen skal vera ein attraktiv og utviklande arbeidsplass for dei tilsette.

Den nye kommunen skal vidareutvikla lokalsamfunna i dei tidlegare kommunane i høve til bustadområde og attraktive bumiljø. I den nye kommunen skal satsinga på framtidige arbeidsplassar og næringsutvikling på tvers av gamle kommunegrensar stå sentralt.

---

## 4. LOKALDEMOKRATI

---

- Kommunestyret i den nye kommunen skal ha 27 representantar
- Den nye kommunen skal organiserast politisk etter formannskapsmodellen, jfr. kommunelova §8. Formannskapet skal ha 9 medlemmer
- Grendeutvalet som det lågaste demokratiske organ i kommunen skal utvidast til å gjelda heile den nye kommunen
  - o Grendeutvala skal gjennom høyringsuttalar, innspel til kommunale planar, og gjennom eigne initiativ til saker og tiltak, fungere som innbyggjarane i grendene sitt talerøyr opp mot xxx herad spesielt, men også i møte med andre offentlege instansar generelt. Grendautvala skal ikkje fungere som ein-sidede lokale pressgrupper, men skal kunne sjå lokale tiltak i eit samordna kommunalt perspektiv. Grendeutvala skal arbeide for trivselstiltak i grenda, og då gjerne i samarbeid med andre lag og organisasjonar.
  - o Kvam har 13 grendeutval i dag. Jondal kommune organiserer sjølv struktur for grendeutval innan 1.1.2020.

---

## 5. TENESTETILBODET

---

Den nye kommunen skal yta gode og kostnadseffektive tenester til innbyggjarane sine. Det vert lagt opp til sterk satsing på å utvikla digitale tenester til bruk for innbyggjarane i den nye kommunen.

- Rådhuset med politisk og administrativ leing vert lokalisert til Norheimsund. Fordeling av andre administrative funksjonar skal utgreiast med omsyn til mål om effektive tenester og attraktive fagmiljø til beste for brukarane.
- Jondal skal ha status som lokalsenter
- Kommunehuset i Jondal skal framleis nyttast til kommunal tenesteyting og ein skal oppretthalda eit andelsmessig likt tal arbeidsplassar som i dag
- Rådmannen i den nye kommunen har ansvaret for organiseringa av administrasjonen

Vidare ligg følgjande utgangspunkt til grunn for det framtidige tenestetilbodet:

- Det skal fortsatt vera 1-10 skule, kulturskuletilbod og symjebasseng lokalisert i Jondal
- Barnehagetilbodet skal oppretthaldast i dei noverande kommunane
- Den nye kommunen yter eigne barnevernsoppgåver
- Toloheimen blir utgangspunktet for eit lokalmedisinsk senter som skal innehalda:
  - o Legevakt
  - o ØH senger
  - o rehabilitering- og behandlingssenter
  - o ambulansetasjon
- Enkelte tenester skal være desentralisert som mellom anna lege, helsesøster, jordmor, psykisk helse og heimebaserte tenester. Legekontor og sjukeheim skal oppretthaldast i Jondal. Innbyggjarane i Jondal skal sikrast legevakt på natt.
- NAV skal ha hovudkontor i Norheimsund, men med kontordagar i Jondal.

- Tekniske tenester må organiserast slik at tenester som krev nærleik til brukarane er lett tilgjengeleg i heile kommunen.
- Brann og redning skal være lokalisert med desentraliserte brannstasjonar innanfor krava i dimensjoneringsforskrifta
- Frivillig sektor og andre kulturinstitusjonar skal ha gode rammer
- Hovedbiblioteket skal være lokalisert i Norheimsund. Filial i Jondal skal oppretthaldast
- Bufelleskapet i Vik skal oppretthaldast og vidareutviklast

## 6. SAMFUNNSUTVIKLING

---

For dei noverande kommunane er det ein føresetnad at den nye kommunen så langt som mogleg opprettheld satsinga på næring, reiseliv og landbruk, for å fremja verdiskaping og vekst i livskraftige lokalsamfunn.

- Etablering av ytterlegare statlege arbeidsplassar skal vere eit satsingsområde i den nye kommunen
- Den nye kommunen skal vere ein aktiv pådrivar for å betre ferjetilbodet mellom Jondal og Tørvikbygd
- Den nye kommunen må ta mål av seg å vera den beste opplevingskommunen i Hordaland, med heilårs aktivitetstilbod som tek utgangspunkt i fonn, fjord, fjell og vatn
- Landbruket i kommunen produserer mat for konsum og nisjeprodukt. Kortreist og rein mat får meir og meir fokus i storsamfunnet. Det er viktig at denne delen av landbruket får tilgang til god og lettstelt jord
- Kommunen må leggja til rette for at den marine næringa kan utvikla seg i tråd med visjonen til regjeringa og tillata bruk av areal på sjø og land til dette føremålet der dette ikkje er til ulempe for miljø og andre næringsinteresser. Slik kan fjorden gje ny vekst i marin sektor
- Hordalandsdiagonalen underbyggjer ei felles satsing på aust/vestsamband gjennom den nye kommunen, og understrekar at den nye kommunen ligg midt i Hordaland og har funksjonen som knutepunkt mellom Hardanger og Bergensregionen.

## 7. ØKONOMI

---

Kommunar som slår seg saman får dekka eingongskostnadar etter ein standardisert modell. Jondal og Kvam **vil få kr 20 millionar i eingongsstønad**. Beløpet vert utbetalt når nasjonale vedtak om samanslåing er gjort.

Kommunar som fattar nasjonale vedtak om samanslåing i reformperioden vil kunne få reformstønad frå staten. Utbetalinga blir gitt utan ytterlegare søknad frå kommunane, og blir utbetalt på tidspunktet for samanslåinga. Reformstønaden for samanslåing av Jondal og Kvam er på **kr 5 millionar**.

Begge kommunane har kraftinntekter, og Jondal kommune sitt overskot på konsesjonskraft (7,43 GWh) gjev meirinntekter til kommunen, då Kvam herad treng meir kraft til alminneleg forsyning enn den produserte konsesjonskrafta Kvam herad har i dag. Dette utgjer det **ca 1,1 millionar i auka inntekter**.

Jondal kommune og Kvam herad har eigne næringsfond basert på årleg konsesjonsavgift. Dette skal slåast saman til eit fond, men 3/4 av den årlege konsesjonsavgifta som elles ville blitt tildelt gamle

Jondal kommune skal øyremerkast tiltak i Jondal i ein periode på 15 år. Fondet vert forvalta av eit lokalt styre etter nærare retningsliner. Deretter skal ordninga evaluerast.

Jondal kommune har eigedomsskatt på verk og bruk. Kvam herad har i tillegg eigedomsskatt på bustad, fritidseigedommar og næringsbygg. Moglegheitene for harmonisering av eigedomsskatt etter samanslåing og eventuelle overgangsordningar må evaluerast. Endelege avgjerd om eigedomsskatt i den nye kommunen vil liggja til det nye kommunestyret.

Det skal arbeidast for at den nye kommunen skal ha redusert sats for arbeidsgjevaravgift.

## 8. SÆRSKILDE TEMA

---

Dei to kommunane sitt planverk skal gjelda inntil nytt, felles planverk er vedteke av den nye kommunen.

Samfunnstryggleik og beredskap skal prioriterast også i den nye kommunen.

Frå no og fram til den nye kommunen er etablert skal dei to kommunane informera kvarandre før tilsetting i leiar- og spesialiststillingar, og vurdera samarbeid der det er mogleg.

Innbyggjarane og tilsette i begge kommunane skal få god informasjon undervegs i prosessen fram til den nye kommunen er etablert.

Kommunen skal vera del av Helse Bergen sitt føretaksområde.

I samband med rehabilitering av Jondal skule skal ein arbeida for å realisera ein fleirbrukshall i tilknytning til skulen.

## 9. PRIORITERTE INVESTERINGSPROSJEKT I DEN NYE KOMMUNEN

---

Forutan pågåande prosjekt som er fullfinansierte i balansert budsjett/økonomiplan, skal den nye kommunen prioritera investeringar til tiltak som gjev driftsinn sparingar.

I tida fram til 1. januar 2020 skal dei to kommunane også orientera kvarandre om aktuelle investeringsprosjekt med ei kostnadsramme over NOK 10 000 000 før eventuelt vedtak vert fatta.

XY den X.Y.2016

---

Jon Larsgard (SP)  
Ordførar Jondal Kommune

---

Jostein Ljones (SP)  
Ordførar Kvam herad